

Mange dugnader i dagane fram til 17. mai.

13.05.2020



Det vart gjort mykje godt arbeid på dugnaden på Stemneplassen i går.

Det er gjennomført fleire dugnader i denne veka, i dagane fram til 17. mai. Det gjeld særleg i burettslag, velforeningar, lag og organisasjonar. Geilo Grannelag hadde sin dugnad på tysdag, Ospelunden og Friluftslaget på onsdag. På Stemneplassen var det godt frammøte og plassen har sjeldan vore så rydda og stelt som i år. Noko av arbeidet vart gjort i forkant av filminga 8. mai.



I Ospelunden vart mellom anna skråningne selgne og postkassehuset målt.

Oddbjørn Kroka organiserte stordugnad i Ospelunden og mange av bebuarane var med. Både store og små var i aktivitet. Plentraktor og anna slåttestyr var i bruk, og nokre svinga penselen og mala postkassestativet. Var retteleg kjekt å sjå den store aktiviteten. Ikkje rart at sola kom fram, og fint vart det.

Det er stor byggeaktivitet i Ospelunden for tida. Det er start på endå ein tomannsbustad neste veke. Endå meir på gang, både einmannsbustader og tomannsbustader.

11 personar møtte fram til dugnaden på Stemneplassen. Lauv og greiner vart rydda og køyrt bort. Skråningane er rydda og slegne med ryddesag. Nokre prydbuskar er stussa. Med kantklyppar er graset slege rundt og under benkene. Eine murveggen er grunna og målt. Styret takkar for godt frammøte og for god hjelp.

Tekst/foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal  
Nett: Kristian Bringedal



Kaffi, turre kjeks og sosialt samvære høyrer alltid med til ein dugnad.